

Meir klarleggjing må til for Ospelunden

18.10.2012

Det er søkt om rammeløyve for teknisk anlegg i bustadfeltet Ospelunden men det må litt meir dokumentasjon til før søknaden kan behandlast. Mellom anna må gjenbuarane nabovarslast, det må leggjast til rette for nok sløkkjevattn og det må innhentast løyve frå eventuelle andre myndigheiter, som kraftverk og breiband.

Vidare lyt det søkjast om mindre endring av reguleringsplan på grunn av fortau langs veg A fram til avkøyring veg F for omleggjing av tilkomst til område for konsentrert småhusbebyggelse og for planlagt høgdebasseng utanom regulert område.

Det lyt også orienterast litt om høgspenningsanlegg:
Kva er gjort og kva skal eventuelt gjerast?

Vert avgreininga til Korsneset lagt i kabel?

Vert høgspenline frå Korsneset mot Uskedalen rive?

Kjem linjetraseen i aust i konflikt med tomt nummer 59?

Av Ola Matti Mathisen